

## Referat frå ID-møte, Høgskulen på Vestlandet

Videomøte, tysdag 18.10.16, 13.00–15.00

Til stades: Marit Breivik (NSF, HiB), Joanna Galek (NSF, HiSF), Ingrid A. R. Grønsdal (UF, HSH; vara for Bjelland), Sylvi I. Håvik (HVO, HSH), Gisle Y. R. Kleppe (FF, HSH), Inger Elin Lilland (UF, HiB; vara for Herfinndal), Pål A. Olsen (Akad., HiB), Ståle B. Pettersen (Akad., HSH) May Britt Sandstå (Parat, HSH), Reidun Stavland (NSF, HSH), Hege G. Sviggum (FF, HiSF), Britt Totland (Parat, HiSF), Tove Uglum (LO/Stat, HiSF), Ingebjørg Vikesland (HVO, HiSF), Svein Erik Wang (NTL, HSH), Tage Båtsvik (arbeidsgjevar), Eli Glambek (arbeidsgjevar), Audun Kjørstad (referent).

Båtsvik opna møtet og ynskja velkomen. Kjapp presentasjonsrunde for å identifisere deltakarane. Ingen saker meldt til eventuelt.

### Saker til styremøte 02/16

Båtsvik gjekk gjennom sakslista, og tillitsvalte kommenterte fortløpande.

### 015/16 Innkalling og saksliste

Ettersendingar er planlagt til onsdag 19.10. Gjeld sak om visuell plattform (017/16), omstillingsavtalen (016/16).

### 016/16 Orienteringar

Båtsvik innleia.

16-1	Protokoll	Ingen merknad
16-2	Årsrapport	Ingen merknad
16-3	Utviklingsavtalar	Ingen merknad
16-4	Samskipnad	Ingen merknad
16-5	ID-møte-referat	

### 017/16 Visuell kommunikasjonsplattform HVL

Båtsvik innleia. Vedlegg kjem onsdag. Ingen merknad.

### 018/16 Engelsk namn HVL

Båtsvik innleia. Spørsmål om ikkje engelsk tittel heller bør vere «University of Western Norway of Applied Sciences».

### **019/16 Hovudmålform HVL**

Båtsvik innleia. Ingen merknad.

### **020/16 Studentombod**

Båtsvik innleia. Spørsmål om mandat.

- Konfidensialitet er naudsynt for ombodet sitt virke.
- Ombodet skal ikkje vere ein ny instans for å undersøke, sanksjonere eller følgje opp kritikkverdige forhold. Slike saker skal køyrast i eksisterande kanalar. Naturleg at det vert utarbeidd retningsliner i samarbeid med tilsett studentombod for å få klarheit i korleis saker av ulik art skal handsamast.
- Er «studiesituasjon» eit dekkande nok omgrep?
- Utlysinga seier ikkje noko om kvar studentombodet skal ha sitt hovudsete.

### **021/16 Budsjett 2017**

Båtsvik innleia.

- Midlar til lønsutjamning og lønsfastsetjing i 2017. Må ta høgd for at slike kostnadar kan kome.
- Komplekst å finne ut av desse skilnadane og kva som er ei realistisk tidsramme for utjamning dersom styret finn at det er ynskjeleg, og at det er budsjettmessig dekning til å prioritere det.
- Tildelte SAKS-midlar skal gå til å fordele fusjonskostnadar. Det har ikkje vore tildelt eigne lønsutjamningsmidlar som ein del av tildelinga til andre institusjonar.
- Korleis vil det statlege kravet om effektivisering og avbyråkratisering slå ut for HVL sin del?

### **022/16 Budsjett 2018, innspel KD**

Båtsvik innleia.

Spørsmål om studieplassar og plassering av desse.

- Kor mange plassar og søkarar har vi? Kva kapasitet har vi? Kva har vi budsjett til? Dette blir ei samla vurdering for styret når den tid kjem i 2017.
- Nybygg, utvidingar, modernisering. Alt avheng av kva løyvingar ein får.

### **023/16 Statusoppdatering fusjonsprogram**

Båtsvik innleia.

- Uro rundt moglegheita for medverknad i alle pågåande prosessar og arbeidsgrupper. Mange utval og prosjekt går samstundes, og det er svært utfordrande for tillitsvalde å følgje dei alle. Viktig at styret er medvitne på dette.
- Oppmoding om at både tillitsvalde, tilsette og studentar stiller på innspelsmøta som går denne veka. Godt høve til å kome med direkte tilbakemeldingar til prosjektleiarar og andre som er djupt involverte i arbeidet.
- Samrådsmøte mellom prosjektleiarar og innstillingsråd torsdag. Der vil ein vurdere kva innkallingar og sakspapir som kan delast mellom tillitsvalde, og i kva saker det er greitt å bruke vara. Dokumentdeling vil lette byrda til dei tillitsvalde.

### Eventuelt

Ingen saker meldt.

Møtet vart heva 14.50.

Ymse: Ingen saker meldt.

--

ID-referat går ut saman med ettersendingar i morgon (onsdag).